

Bad paven Olav Tryggvason slutta å bruka runer?

Av Jan Ragnar Hagland og Marek Thue Kretschmer

Frå tid til anna dukkar det opp – jamvel i vår nyaste samtids historie-skriving – ein påstand om at Olav Tryggvason i år 999 skal ha fått paveleg instruks om å avskaffa bruk av runer i Noreg og i staden innføra skrift med latinske bokstavar. Dette skal pave Sylvester II ha gjort for å fremja utbreiinga av kristendommen her i nord. I artikkelen her er det prøvd å nøsta opp i bakgrunnen for at denne paven har fått ord på seg for å ha gjeve slik instruks. Det viser seg ved nærare ettersyn at det heile kviler på ei mistyding av 1600- og 1700-tals framstillingar av nordisk historie. Der er ei slik historie knytt til kong Olof Skotkonning av Sverige og ikkje til Olav Tryggvason – utan at dette anekdotiske stoffet dermed får større verdi som kjelde til runeskriftas historie i Norden.

Med jamne mellomrom og i ulike samanhengar har forholdet mellom bruk av skrift med runer og skrift med latinske bokstavar vore drøfta i runologisk faglitteratur – Düwel (1994) og Hagland (2006) kan t. d. nemnast for å visa til to svært ulike sider ved dette. Spørsmålet om det har vore nokon eksplisitt uttalt konkurranse desse to skriftsystema imellom, har òg vore tematisert, utan at ein har hatt stort anna å halda seg til enn observasjonar av faktisk skriftbruk i ulike kontekstar for å vurdere dette. Sett frå runologisk synsstad er det då ikkje så lite oppsiktsvekkjande å finna informasjon i seriøs historieskriving frå notida om at Olav Tryggvason i år 999 vart oppmoda av pave Sylvester II om å slutta med å bruka runer. Så vidt vi kan sjå har ikkje det vore åtgådd i nyare tiders litteratur om runeskriftas historie i mellomalderen. Utgangspunkt for den vesle faghistoriske refleksjonen i det følgjande er ei framstilling om rettshistoriske tilhøve i Normandie, nyleg publisert i Paris – eit solid verk med mykje godt stoff også om mogleg nordisk påverknad på normannisk rettshistorie (Davy 2004). Her er det i eit avsnitt som handlar om kristninga av Norden, opplyst at i samband med vanskar pavedømmet opplevde med å gjennomføra denne, så oppmoda pave Sylvester II i år 999 Olav (Tryggvason) om å gi opp runeskrifta – eit symbol på heiden tru [“Dès 999, Sylvestre II invite le roi Olaf à abandonner l’écriture runique, symbole des croyences païennes” (Davy 2004: 155)].

Sett på bakgrunn av det vi i dag veit om faktisk bruk av runer i Norden etter

Olavs tid, synest det å vera all grunn til å stoppa opp ved ei slik opplysing. Kva kjelder finst det for dette, og korleis kan dette enno i dag bli presentert som faktum i seriøs historiografisk samanheng, utan at saksforholdet i det heile har vore kommentert frå runologisk hald, spurde vi oss. Om vi då freistar å rekkja opp i det som har med opplysinga om slik paveleg intervensjon å gjera, ser vi at Davy her stør seg til Harriet Pratt Lattins utgåve av brev etter den Gerbert som seinare vart pave Sylvester II, hans pavelege privilegium medrekna (Lattin 1961). Her er det som nr. 12 i ei liste over “Sylvester II’s privileges, decrees, letters and acts whose texts are not extant” referert til eit dokument dagsett “October 23, 999?” som skal ha gått til “King Olaf Tryggvesön of Norway, commanding him to cease using runic letters” (Lattin 1961: 382). Som kjelde for denne informasjonen er det vist til Eccards *De origine Germanorum eorumque coloniis, migrationibus ac rebus gestis libri duo*, s. 192 (= Eckhart 1750).

Vi meiner då det kan ha faghistorisk interesse å ta fram att det Johann Georg von Eckhart (1664–1730) faktisk seier om Olav og Sylvester II og sjå litt nærare kva som ligg i det. I kapittel 88 av det nemnde verket omtalar Eckhart i si tids stil og med si tids etymologiske forklaringar ulike former for skrift, runer medrekna. Han viser i den samanheng til eit handskrift i Regensburg frå det ellefte hundreåret der det også er med runer, og i tilknytning til det seier han følgjande om det som interesserer oss her:

sed inter quae tamen illa, quibus Syriaci & Arabici nomen impositum, aperte satis ex ductibus & adiectis nominibus Runica esse percipimus. Vsum vero Runarum vulgarem Olaus denique Rex anno post C. N. 1001. ad petitionem Siluestri II. Papae penitus abrogavit, Latinasque literas tunc vsitas iis substituit (Vid. ERICI SCHROEDERI *praefat. Lexici Latino-Scandici*). Antiquissimae itaque apud Septentrionales omnino Runae fuerunt: sed lapides tempora ante natum Christum aequantes & de expeditionibus nescio quibus in Graeciam, Thraciam, dissitasque regiones, iisque vetustissimis, testantes superesse, hoc concedere nequeo antiquariis Suecis, viris alioquin doctissimis.

Av utførelsen og navnene skjønner vi helt klart at det dreier seg om runer blant de andre som står oppført under syrisk, arabisk osv. Kong Olav avskaffet til og med den utbredte bruken av runer helt og holdent i år 1001 e. Kr., etter anmodning av pave Sylvester II, og fikk dem erstattet med datidens latinske bokstaver (Se forordet til Erik Schroders *Lexicon Latino-Scandicum*). Svært gamle runer synes unektelig å ha tilhørt Nordens folk, men at vi har bevart steiner som strekker seg tilbake til tiden før Kristus og som skal vitne om utvandringar til Hellas, Thrakia og andre fjerntliggende områder, det kan jeg ikke gi de svenske historikere, som ellers er svært lærde menn, rett i.

Her finn vi då denne ikkje så lite påfallande opplysinga om at “Kong Olav” – utan nærare informasjon om kva Olav det er tale om – skal ha avskaffa den utbreidde bru-

ken av runer i året 1001 og ha fått dei erstatta med latinske bokstavar – etter oppmoding frå pave Sylvester II. Kronologisk sett ville dette i så fall vera litt seint for Olav Tryggvason, som jo etter tradisjonen skal ha falle i slaget ved Svolder i år 1000. Opplysinga om dette pavelege ønsket hos Eckhart er altså underbygt med tilvising til Erik Schröders *Lexicon Latino–Scandinavicum* (1637). Denne har i eit føreord til lesaren med eit lengre, og for oss vidløftig, innslag om runer, der opplysinga om pave Sylvesters pålegg er å finna. Det relevante utdraget lyder slik:

Vt igitur a rudimentis incipiam; Proprias quidem Scandii olim habuerunt literas, nomine Runas, ductu linearum Hebraicis quam similimas, a Magogo inuentas Schytico, & cum Thuiscone Germanorum Duce, A. M. 1799. comunicatas, qui alias non inuenit unquam, sed hasce ex Scandia ab inuentoris Magogi filio Suenone, a quo Sueones nomen adepti, mutuo sumptas, in Germanicas introduxit oras, ubi diutissime manserunt, donec Latinae propter religionis transplantationem antiquis substituerentur Runis. Hasce etenim ob religionis negocium, longe post natum Christum, Germani extra Alemanniae terminos explodebant, Scandii ferme annihilabant. Quod quia scitu dignum, & a Scandicis scriptoribus ferme neglectum, paulo altius, ex uetustatis quodam fragmento, commemorandum duxi.

Contigit namque A. C. 1001. quod Olaus, orbis Arctoi monarcha inuictissimus, ob solidum S. Petri *Skotkonning* dictus, reipsa perciperet, causam esse Runas principem, cur eo, christiana religio, tempore per CLXXXV. circiter annos, a quo Bero III. Sueciae Rex, ipsam transplantare in Scandiae inceperat Regna, nullum plane progressum fecerat, in concionem uocatos Regni Proceres, atque Magnates, interrogat, consultaque, quid in tam arduo religio-

La meg begynne med begynnelsen. Skandinavene hadde en gang egne bokstaver, kalt runer, svært lik de hebraiske i utførelsen. Disse var skyteren Magogs oppfinnelse. Germanernes leder Thuisco lærte dem å kjenne i år 1799 etter verdens begynnelse. Han fant aldri på egne bokstaver, men fikk dem i lån fra Skandinavia av Sven, sønn til oppfinneren Magog – av ham fikk svenskene navn – og lot dem innføre på germansk område hvor de forble svært lenge, helt til de gamle runene pga kristningen ble erstattet med de latinske bokstavene. Lenge etter Kristi fødsel forkastet germanerne runene utenfor Tysklands grenser av religiøse grunner, og skandinavene utslettet dem nærmest. Ettersom jeg mener dette er verd å vite, og det synes så godt som oversett av skandinaviske forfattere, vil jeg litt mer utførlig minne om et lite stykke historie:

Det skjedde nemlig i år 1001 at Olav, Nordens uovervinnelige monark, kalt Skotkonning pga kirkeavgiften, fikk vite at runene var hovedårsaken til at kristendommen i 185 år, dvs fra tiden da kong Bjørn III [*på Håga*] av Sverige lot den innføre i Skandinavia, ikke hadde gjort noen fremskritt. Han lot derfor kalle sammen de mektigste menn og rådførte seg om hva man skulle gjøre i den besværlige saken om religionen. Skulle man fullstendig

nis negotio faciendum foret? An Runae Borealium Regnorum literae, tanto hac-tenus tempore usurpatae, penitus extirpandae? Et utrum Latinae, quae peti-tio Syluestri II. Papae Romani fuit assidua, in priorem locum substituendae? Hinc suborta est non leuis controuersia, qua tandem sedata, collatisque sententiis uisum fuit, (instigante quoque acriter D. Sigfrido, nuper ex Anglia in Sueciam permissu R. Mildredi accersito) plane extirpandas Gothicas literas, quibus maledicta & blasphema idolomania, doctrinaque erronea ac gentilis de Torero, caeterisque Barbarorum Diis in libris Scondicis descripta erat. Dictum, factum: Libris proinde in ignem projec-tis, idolorum cultus aliquantisper eua-nuit, Christiana uero religio indies per Boream inualuit. Sed una cum Idolom-anicis scriptis, etiam sine discrimine, maxima Antiquitatum & Historicorum Scondicorum pars Uulcano tradita, quo tantum detrimentum patriae allatum, ut nullus unquam Scondiota hanc rem suis coloribus satis delineare queat. Existi-mant enim moderni Historici, tunc inter alia periisse quoque scripta Iorunderi, Gissuri & Schulemontani, atque Atheri magni, quae suis non tantum Rhythmis, & Historiis Runicis linguam Gothicam exornant, uerum etiam Calendarium baculis artificiose insculptum posteri-tati relinquentes, & patrias leges concinnantes, monumenta passim erexe-rant, aeternum duratura.

Obsoletae proinde Runae, una cum monumentis & libris manuscriptis per-plurimis, abhinc DCXXXVI circiter annis, in Scandinauia (quando uero in Germania, mihi nedum certo constare potuit) abinde uero Latinis, una cum

utrydde de nordiske rikers runer som til da var brukt i så lang tid? Og skulle man rette seg etter Sylvester IIs innstendige anmodning og la dem erstattes av de latinske bokstaver? Dette resulterte i en heftig debatt, og da den ende-lig stilnet, og alle meninger var hørt, ble man enige om det syn (på ivrig til-skynding av D. Sigfrid som nylig var tilkalt fra England til Sverige med R. Mildreds tillatelse) at de gotiske bok-staver skulle utryddes helt og holdent; for med disse var alskens blasfemisk og avgudsdyrkende litteratur skrevet i skandinavenes bøker om hedningenes syndige tro med beretninger om Tor og de øvrige barbariske guder. Som sagt så gjort: bøkene ble dermed kastet på ilden, avgudskulten forsvant etter en stund og Kristendommen bredte seg over Norden fra dag til dag. Man hadde ikke evnen til å skille mellom bøkene, så sammen med avgudsskriftene ga man en stor del av skandinavenes histo-riske skrifter til flammene; dermed påførte man fedrelandet stor skade, slik at ingen skandinav noen sinne vil kunne skildre denne sak med egne far-ger. De moderne historikere mener at man ved den anledning tapte skriftene til bl.a. Jørund, Gissur, Schulemontanus [=Skulebergmann – jf. Östlund 2000, 296 og 329] og Atherus den store som i runeskrift har prydet det gotiske språk ikke bare med vers og historier, men også ved å ha etterlatt sine etterkom-mere vakkert utførte primstaver, frem-stillinger av fedrenes lover, minnesmer-ker som de lot oppføre til evig beståen.

Runene forsvant dermed sammen med en rekke minnesmerker og hånd-skrifter og ble så borte i 636 år [*dvs til*

caeteris Europaeis, usi sunt Scondii literis. Postea nulla tumba prisco modo adornabatur, nec ullum monumentum erigebatur, sed Runae miserrime neglectae per primos CD. & quod superest, hujus millenarii annos, donec Iohannes Bureus Suecus Scondicarum indagator antiquitatum felicissimus, easdem ex bacillis Astronomicis, & rupibus Scondiae uetustissimis A. C. 1598. eruere coepit, & pristinae quodammodo restituere gloriae.

Schroders egen tid. Hans leksikon kom ut i 1637: 1001 + 636 = 1637] i Skandinavia (det er for meg uvisst hvor lenge i Tyskland), og skandinavene tok i bruk de latinske bokstavene i likhet med resten av Europa. Siden prydet man ikke gravene på den gamle måten, man reiste ikke minnesmerker og runene gikk i glemsel i de første 400 år og det som var igjen av vårt årtusen, inntil svensken Johannes Bureus [*Johan Bure 1568–1652*], den utmerkede forsker av Skandinavias historie, i år 1598 begynte å studere dem på primstaver og på Skandinavias eldgamle runesteiner og gjenopprettet slik deres tidligere ære.

Omtalen av denne oppmodinga frå pave Sylvester II om å byta ut runer med latinske bokstavar, er hos Schröder altså knytt til kristninga av Sverige og til kong Olof Skottkonning. Denne tilknytninga er elles å finna allereie hos Petrus Petrejus (1611) som kort slår fast at på denne kongens tid “blefwo the rätta Svenska Bookstäfwer som kallades Runor aflagde Påvenom til wilie och tå kommo the Latiniska Bookstäfwer här in först i Swerige” (Petrejus 1656: 54). Det er uklårt for oss kva Petrejus og Schröder byggjer dette på, men det set om ikkje anna årstalet 1001, både hos Schröder og hos Eckhart, i ei anna stode enn om det skulle ha vore tale om Olav Tryggvason. Olof Skottkonning skal jo etter tradisjonen ha styrt i tidsrommet 994–1022. Her må det i den samanheng framhevast at heller ikkje Eckhart hevdar at den pavelege oppmodinga om å avskaffa skrift med runer var retta mot Olav Tryggvason. Eckhart fortel einast at kong Olav (Olaus Rex) avskaffa utbreidd bruk av runer etter oppmoding frå pave Sylvester II. Samanhengen han set dette i, motseier heller ikkje på nokon måte at det er Olof Skottkonning han meiner å visa til her. I 1700-talets svenske lærdoms miljø synest elles oppfatninga om dette pavelege påbødet til Olof Skottkonning å ha vore vél kjent. Omtale med tilvising til Schröder finst såleis t. d. hos Olof Celsius i hans svenske kyrkjehistorie (Celsius 1767: 4); og ei oppsummering av det heile vart gjeven av Johan Ihre (1707–1781) kring 1770 – i verket *De runarum in Svecia antiquitate* (jf. Östlund 2000: 164). Ihre stiller seg svært tvilande til historisiteten i dette med eit påstått paveleg forbod mot bruk av runer. Jamvel om det er Petrejus og Schröder som er kjelder til denne historia, fjerntar det ikkje tvilen same kor pålitelege dei enn måtte vera, seier Ihre [‘Petrejus aut Schroderus si id sua fide tradant, omne dubium non tollunt’]. Det finst ingen dokument som kan prova dette, seier han ein annan stad (jf. Östlund 2000: 108 og 298). Også Celsius understrekar om dette at “... utom Ericus Schroderus [...] ingen

äldre, så mycket mig er kunigt, det aldra minsta förmäler” (Celsius 1767: 4).

Spørsmålet som då synest å måtta bli ståande nokså ope, er korleis Lattin (1961) kjem fram til at det skal dreia seg om Olav Tryggvason og til datoen 23 oktober 999 for denne oppmodinga frå paven – årstalet rett nok med spørjeteikn. Det ser nemleg ut til at det er ho som er opphavet til denne feilkoplinga i nyare tid.

Det finst indirekte kjelder til paveleg utferding av skriv 23. oktober og 3. november i 999 – i diplomaterialet etter keisar Otto III (DO III: 334 og 335). Til kvar av desse to datoane synest då Lattin (1961: 382) å ha knytt to andre udaterte dokument som ho meiner skal ha vore utferda av Sylvester II – det første av desse altså det skrivet ho meiner må ha vore stila til “King Olaf Tryggvesön of Norway”. Einaste dokumentasjon som er gjeven for denne oppfatninga, er då tilvisinga til det Eckhart fortel om “Olaus Rex”. Endring av årstalet frå 1001 til “999?” *kan* vera gjort fordi tanken om at det er Olav Tryggvason det har dreia seg om, har vore så sterk hos Lattin at det har vore nødvendig å gissa på ein dato som ligg to år lenger attende i tid enn det Eckhart og Schröder opplyser om – for å få det til å høva med den norske kongens styringstid. Dette kan vi i dag ikkje anna enn spekulera over. Men det synest i alle fall å vera i Lattins søk etter tapte brev frå pave Sylvester II at denne mistydinga har oppstått, og i biografien hennar over pave Sylvester II er det ein passasje som kan kasta lys over problemet (Lattin 1951). I denne biografien, karakterisert som ”thoroughly researched and illustrated but slightly fictionalized” (*Encyclopaedia Britannica*), er det m. a. fortalt følgjande om pave Sylvester IIs første år i pavestolen (året 999):

The idea of placing kingdoms under the protection of the Holy See was in the air. From far-off Norway came a letter from Olaf Triggvesön telling of Christians in that land and in a far western island they call *Gronland* (Greenland). He asked for learned clerics for his land, and for Sylvester’s blessing and recognition of him as king.

The letter was written in those curious letters called runes. Wherever Sylvester had seen them before they had been too closely associated with magical practices, as if the runes were magical signs. Thus, he saw that the first need of Norway was to begin using Latin letters because they were the letters of Christianity and civilization. So, he replied to Olaf that first he must begin using Latin letters to show that he was truly Christian. Then only could they discuss the kingship. Before the letter arrived in Norway, Olaf had disappeared from his ship at sea during a battle (Lattin 1951: 161).

Det finst ingen kjeldetilvisingar i denne biografien, og det må vel vera gode grunnar for å karakterisera det som her er fortalt, som meir enn ”slightly fictionalized”. Det lyt her òg understrekast at det i *andre* samanhengar ikkje har vore identifisert noka form for korrespondanse frå pavestolen til Norge i den aktuelle perioden (jf. RN I: s. 28). I alle fall har vi ikkje anna å byggja på enn at fiksjonen her har opply-

singa hos Eckhart som utgangspunkt, og at årstalet “999?” hos Lattin 1961 såleis må vera justert av Lattin sjølv for å høva med Olav Tryggvasons dødsår. I hennar framstilling får elles, som vi ser, ikkje det imaginære brevet frå paven følgjer – i alle fall ikkje for Olav Tryggvasons politikk.

Med bakgrunn i dette synest oppfatninga om at Olav Tryggvason fekk forbod av paven om å bruka runer altså å ha spreidd seg ganske vidt i vår samtids historieskriving – både den seriøst faglege og den meir populariserande. Som døme på den siste av desse kategoriane kan nemnast boka *The Last Apocalypse. Europe at the Year 1000 A.D.* frå 1998, der det er uttrykt som følgjer: “To the north, overtures had come from Olaf Trygvesson of Norway, and the new pope [Sylvester II] responded by demanding that the Viking lands discard the stick figures of its runic script and proclaim Latin as the formal written language.” (Reston, Jr. 1998: 194). Reston nemner Lattin1961 i sin ‘selected bibliography’, og at han byggjer på det arbeidet, går greitt nok fram av eit vidare sitat, der det heiter at “On October 23, 999 A.D., he [=Sylvester II] commanded King Olaf Trygvesson of Norway to revoke the use of the pagan runic letters in his country” (op.cit. 259). Tydeleg knytt opp mot dette har det vore konstruert ei historie om at pave Sylvester II på tilsvarande vis også skal ha gjeve kong Istvan (St. Stephen) av Ungarn forbod mot å nytta såkalla magyarske runer og påbod om å bruka latinske bokstavar. Slikt er i dag å finna på Internett (jf. <http://e-kiado.imprintink.com/>).¹ I Ungarn som i Norden leidde innføringa av kristendommen kring år 1000 til bruk av latinsk skrift. Men som det er sagt i meir tungtvegande litteratur om emnet, er det ingenting som tyder på at eldre skrift av den grunn vart “... mit Gewalt unterdrückt und durch die lateinische abgelöst, vielmehr haben die neuen Bedürfnisse der lateinischen Schriftlichkeit zum Siege verholfen”, som t. d. Bogyay (1975: 29f) uttrykkjer det (jf. også Györffy 1994: 132f).

Når det då gjeld det desse 1600- og 1700-tals kjeldene fortel om at Olof Skotkonning var utsett for paveleg korreks for ikkje heilt å ha lukkast med kristninga av Sverige, må det altså vera all grunn til å stilla seg meir enn tvilande til historisiteten i det, slik det allereie vart gjort i samtida. Det synest ikkje å vera grunn til å stilla den saka i noko anna lys enn det som elles i denne perioden vart lagt fram av opplysingar om runeskriftas historie i Norden. Dei sitata som er gjevne ovanfor, er i seg sjølve kuriøse aktstykke til runologiens tidlege faghistorie – men ut over det har dei neppe historisk kjeldeverdi.

Detaljar i tilknytning til den sida av saka skal få tala for seg sjølv og få stå ukomenterte i samanhengen her. Vi har likevel valt å leggja dette fram for om mogleg å bremsa ryktet om paveleg påverknad på det som i andre samanhengar er kalla ‘runic literacy’ i mellomalderen, å spreia seg vidare enn det allereie har gjort. Det torde vera best å få akkurat dét 1600- og 1700-talsstoffet plassert i den samanhengen det verkeleg høyrer heime – som den legendariske forteljinga det i røynda er, om bakgrunnen for at skrift med latinske bokstavar fekk innpass i Norden, kanskje også andre stader i Europa.

Note

- ¹ Vi takkar Terje Spurkland for tilvising til denne nettstaden og til Ihre ovanfor.

Tilvisingar

- Bogyay, Thomas von. 1975. *Stephanus Rex. Versuch einer Biographie*. Wien – München: Verlag Herold.
- Celsius, Olof. 1767. *Svea Rikes Kyrko-Historia. Ur de bästa den äldre Tidens Handlingar sammanletad*. Stockholm.
- Davy, Gilduin. 2004. *Le duc et la loi. Héritages, images et expressions du pouvoir normatif dans le duché de Normandie, des origines à la mort du Conquérant (fin du IX^e siècle–1087)*. Paris: De Boccard.
- DO = Theodor Sickel (red.). 1893. *Die Urkunden Ottos III. Diplomata regum et imperatorum Germaniae/ II, 2*, (Monumenta Germaniae Historica). Berlin.
- Düwel, Klaus. 1994. Runische und lateinische Epigraphik im süddeutschen Raum zur Merowing-erzeit. I *Runische Schriftkultur in continental–skandinavischer und angelsächsischer Wechsel-beziehung*, red. Klaus Düwel, 229–308. Berlin–New York: Walter de Gruyter.
- Eckhart (Eccard), Johann Georg von. 1750. *De origine Germanorum eorumque coloniis, migrationibus ac rebus gestis libri duo*. Göttingen.
- Györffy, György. 1994 [1988]. *King Saint Stephen of Hungary* = East European Monographs, No CCCIII. New York: Columbia University Press.
- Hagland, Jan Ragnar. 2006. Runic writing and Latin literacy at the end of the Middle Ages: A case study. I *Runes and their Secrets. Studies in runology*, red. Marie Stoklund & al., 141–158. Copenhagen: Museum Tusulanum – University of Copenhagen.
- Latting, Harriet. 1951. *The Peasant Boy who became Pope. Story of Gerbert*. New York: Henry Schuman.
- Latting, Harriet Pratt. 1961. *The Letters of Gerbert with his papal privileges as Sylvester II*. Translated with an Introduction. New York: Columbia University Press.
- Peterejus, Petrus. 1656 [1611]. *Een kort och nyttigh Chrönica om alla Swerikes och Göthes Konungar*. Stockholm.
- Reston, James Jr. 1998. *The Last Apocalypse. Europe at the Year 1000 A.D.* New York, London, Toronto, Sydney, Auckland: Doubleday.
- RN I = *Regesta Norvegica I 822–1263*. Utg. av Erik Gunnes. Oslo 1989: Norsk Historisk Kjelde-skrift-Institut.
- Schröder, Erik Bengtson. 1637. *Lexicon Latino–Scondicum*. Holmiae. [Ny utg. (facs.) ved Bengt Hesselman. Uppsala 1937].
- Östlund, Krister. 2000. *Johan Ihre on the Origins and History of the Runes. Three Latin Dissertations from the mid 18th Century* edited with translation and commentary. Uppsala = Acta Universitatis Upsaliensis. Studia Latina Upsaliensia 25.

Jan Ragnar Hagland
 NTNU
 Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap
 NO-7491 Trondheim
 e-post: jan.ragnar.hagland@hf.ntnu.no

Marek Thue Kretschmer
 NTNU
 Institutt for historie og klassiske fag
 NO-7491 Trondheim
 e-post: marek.kretschmer@hf.ntnu.no